

Fra: Kjartan Haugsnes (Kjartan.Haugsnnes@hfk.no)
Sendt: 01.12.2015 13:35:17
Til: Roald Breistein
Kopi:

Emne: VS: Innspel til sak/løypemelding
Vedlegg:

Fra: Bjorkelo, Birte (NO - Bergen) [mailto:bbjorkelo@DELOITTE.no]
Sendt: 27. november 2015 12:04
Til: Kjartan Haugsnes
Emne: Innspel til sak/løypemelding

Hei,

Viser til samtale. Her er innspel til sak/løypemelding vedrørende selskapskontroll av Hardanger AKS. Berre ring meg om vi skal avklare dette nærare.

Deloitte er i gang med ein selskapskontroll av Hardanger AKS (tidlegare Storeholmen VTA AS). Det var Kvam herad som bestilte selskapskontrollen og inviterte mellom anna Hordaland fylkeskommune til å slutte seg til. Oppstart av prosjektet blei svært forseinka på grunn av selskapet ikkje kunne levere naudsynt dokumentasjon til revisjonen innan dei fristane som blei sett. Dette førte til at revisjonen har vore nøydt til å nytte ekstra tid på å purre på dokumentasjon, følgje opp selskapet og rapportere til kontrollutvala. Årsaka til at selskapet ikkje kunne levere dokumentasjonen blei forklart med at selskapet samstundes var i gang med ei ISO sertifisering som tok all tida til administrasjonen. Manglande oversending av dokumentasjon er beklaga både av dagleg leiar og styreleiar beklaga i eit eige brev som er sendt kontrollutvala og revisjonen. Dagleg leiar har også beklaga dette i eit kontrollutvalsmøte i Hordaland fylkeskommune.

Selskapet sende over dokumentasjon til Deloitte i slutten av august og Deloitte fekk avtale om intervju i midten av oktober. Selskapet har vore imøtekommande både med å sende den dokumentasjon vi har bedt om (som dei har) og til å svare på våre spørsmål etter at revisjonen kom i gang. Revisjonen opplever samstundes at det tar noko meir tid og ressursar å ferdigstille revisjonen ettersom det er fleire forhold som ikkje var tatt høgde for når revisjonen starta, men som revisjonen meiner det er naudsynt å belyse i rapporten. Dette gjeld mellom anna ein pågåande prosess knytt til oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS, samt at vi ser at det er deler av drifta vi ikkje har blitt godt nok kjend med i dei intervjua vi gjennomførte innleiingsvis, og at det derfor er behov for å gjere nokre ekstra intervju. Vi kan gjerne informere meir om dette i møte. På bakgrunn av dette vurderer revisjonen at prosjektet vil krevje ekstra 40- 50 timar for å dekke ekstrakostnadene i starten av prosjektet og for å få inn ekstra informasjon.

Mvh

Birte Bjørkelo
Director | ERS
Deloitte AS
Damsgårdveien 135
P.O. Box 6013 Postterminalen, NO 5160 Laksevåg
Tel/Main: +47 23 27 90 00 | Mobile: +47 928 98 908
bbjorkelo@deloitte.no | www.deloitte.no

Disclaimer:

This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.